



Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangementer

Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 13. februar 2023

Sak: 2022/1524

Klagar: Backline Voss

Samansetninga av klagenemnda:

Nemndsleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmene Elin Melberg og Morten Thuve

1 Bakgrunn for saka

- (1) Backline Voss AS (heretter «klagar») søkte 8. april 2022 om kompensasjon som arrangør for tapte inntekter på kroner 290 000 i samband med avlysinga av arrangementet «Rotlaus-førjulsfest på Park hotell Vossevangen», planlagt gjennomført 4. desember 2021. Klagar har søkt etter forskrift 8. mars 2022 nr. 345 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19 (heretter «forskrifta»).
- (2) Lotteri- og stiftelsestilsynet fatta 25. mai 2022 vedtak om avvisning, med den grunngjeving at tilsynet ikkje hadde motteke stadfesting frå A B Rekneskap AS på klagar sin søknad innan fristen 6. mai 2022. Det ble vist til at søknaden ikkje oppfylte kravet i forskrifta § 16 tredje ledd om framlegging av stadfesting frå revisor eller autorisert rekneskapsførar. Som heimel for avvisinga viste Lotteri- og stiftelsestilsynet til forskrifta § 12, første ledd.
- (3) Klagar klaga på vedtaket 9. juni 2022. Klagar har halde fram at grunna ei gåløyse vart ikkje stadfesting sendt frå A B Rekneskap AS. I merknadar til tilsynet 24. august 2022 har klagar gjort gjeldande at det er urimeleg og stirr mot god forvaltingsskikk at ein aktør utanfor deira kontroll skal vert avgjerande for utfallet i saka, og at vedkommande ikkje har fått høve til å rette dette opp i ettertid. Det er vist til at klagar søkte innan fristen, og at dei ikkje fekk melding frå deira regnskapsførar om at dei ikkje hadde gjort det dei skulle innan fristen.
- (4) Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderte klag, men konkluderte med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheva vedtaket, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningsloven) § 33. Klaga og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Lotteri- og stiftelsestilsynet si innstilling datert 27. oktober 2022.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

- (5) I innstillinga har Lotteri- og stiftelsestilsynet vist til at det i kvitteringa for innsendt søknad går klart fram at søknaden ikkje vil bli behandla utan stadfesting frå revisor eller autoristert rekneskapsførar innan fristen 6. mai 2022. Det kjem også klart fram at manglande stadfesting frå revisor eller autoristert rekneskapsfører vil bli rekna som ein ufullstendig søknad, og at slike søknadar vil bli avvist. Det er Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt syn at klagar har ansvaret for oppfølging mot revisor/autorisert rekneskapsfører.
- (6) Klagar har i brev datert 28. oktober 2022 fått informasjon om saksgongen for Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement og frist til å kommentere til Lotteri- og stiftelsestilsynet si innstilling i saka eller gje andre merknadar.
- (7) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte 13. februar 2023.

2 Det rettslege grunnlaget

- (8) Det rettslege grunnlaget er forskrift 8. mars 2022 nr. 345 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19.
- (9) Forskrifta sitt føremål går fram av § 1:

«Formålet med denne ordningen er å kompensere arrangører og underleverandører i kultursektoren for tap knyttet til avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer som følge av råd eller pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid-19-utbruddet.»

- (10) Av forskrifta § 12 går det vidare fram:
 - «1) Foretak som inngir søknad som oppfyller ordningens vilkår, vil få kompensasjon.
 - (2) Ordningen er rammedstyrt og basert på bevilget beløp. Det vil bli tildelt midler etter søknad innenfor ordningens ramme. Dersom rammen ikke rekker til full kompensasjon, vil den prosentvis avkortningen være lik for alle søkerne som oppfyller ordningens vilkår.»
- (11) Av forskrifta § 15 går krava til søknaden fram:
 - «1) Søknad om kompensasjon skal leveres elektronisk via Lotteri- og stiftelsestilsynets nettsider i den formen Lotteri- og stiftelsestilsynet bestemmer. Lotteri- og stiftelsestilsynet kan fastsette nærmere krav til søknaden.
 - (2) Søknadsfrister fastsettes av Lotteri- og stiftelsestilsynet.
 - (3) Dersom et arrangement er et samarbeid mellom flere arrangører, skal den enkelte arrangøren søke om kompensasjon for sin andel av de tapte inntektene i henhold til kapittel 3.
 - (4) Dersom underleverandører søker kompensasjon på grunnlag av kontrakt, jf. § 9 tredje ledd, og flere underleverandører er part i samme kontrakt eller i underliggende

kontrakt, skal hver enkelt underleverandør kun søke om kompensasjon for sin andel av tapte inntekter.

(5) Et foretak kan ikke søke om kompensasjon som både arrangør og underleverandør på samme kulturarrangement.»

- (12) Forskrifta § 16 lyder slik:

«1) Søkere skal på forespørsel gi alle opplysninger og dokumentasjon som er nødvendig for at Lotteri- og stiftelsestilsynet skal kunne kontrollere at vilkårene i forskriften for å motta kompensasjon er oppfylt.

(2) Budsjett og regnskap skal på forespørsel bekreftes av daglig leder, styreleder eller begge.

(3) Dersom omsøkt beløp i søknaden, totalt sett og uavhengig av kompensasjonsperiodene i denne forskrift, overstiger 200 000 kroner, skal det fremlegges attestasjon fra revisor eller autorisert regnskapsfører for beregningen av kompensasjonsbeløpet. Revisor eller autorisert regnskapsfører skal bekrefte innhold i søknaden. Bekreftelsen skal gis elektronisk i den formen Lotteri- og stiftelsestilsynet bestemmer før søknad sendes inn. Samme revisor eller autorisert regnskapsfører må bekrefte innhold i søknadene i en tilskuddsperiode for alle foretakene i et konsern som søker om kompensasjon. Lotteri- og stiftelsestilsynet fastsetter og offentliggjør krav til kontrollhandlinger som revisor eller autorisert regnskapsfører skal utføre i forbindelse med bekreftelse av opplysningene.

(4) For søker som må fremlegge attestasjon etter tredje ledd, kan beregnet kompensasjon, jf. § 10, økes tilsvarende kostnaden knyttet til attestasjonen, med inntil 10 000 kroner.»

- (13) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysinger. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv fatte nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

3 Klagenemnda si vurdering

- (14) Saka gjeld vedtak om avvisning av søknad om kompensasjon som arrangør for tapte inntekter i samband med avlysinga av arrangementet «Rotlaus-førjulsfest på Park hotell Vossevangen», planlagt gjennomført 4. desember 2021.
- (15) Av forskrifta § 15 første ledd går det fram at søknadar om kompensasjon skal leverast elektronisk via Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider. Same sted går det fram at Lotteri- og stiftelsestilsynet «kan fastsette nærmere krav til søknaden». Føresegna i andre ledd slår vidare fast at søknadsfristar fastsettas av tilsynet. Nemnda held fram at Lotteri- og stiftelsestilsynet er gitt vid åtgang til å fastsetje kva for formelle krav som skal stillast til søknadar om kompensasjon.
- (16) Forskrifta § 16 tredje ledd slår vidare fast at det for søknadar som overstiger 200 000 kroner, skal leggjast fram attestasjon frå revisor eller autorisert regnskapsførar for berekningen av kompensasjonsbeløpet. Det går vidare fram at «[b]ekreftelsen skal gis

elektronisk i den formen Lotteri- og stiftelsestilsynet bestemmer før søknad sendes inn». Ordlyden tilseie at ein søknad ikkje vert rekna for å være fullstendig før attestasjon frå revisor eller autorisert rekneskapsførar er motteken av tilsynet.

- (17) Då klagar sendte inn søknaden om kompensasjon 8. april 2022, mottok de samstundes ei kvittering frå Lotteri- og stiftelsestilsynet der det gjekk fram at attestasjon frå revisor på kompensasjonsbeløpet måtte sendast inn senast 6. mai 2022 kl. 13:00. Klagar sin revisor sendte ikkje inn slik attestasjon innan fristen, og søknaden må derfor reknast for å være ufullstendig. Nemnda kan ikkje sjå at Lotteri- og stiftelsestilsynet har plikt til å behandle søknadar som ikkje er fullstendig innsendt innan fristen satt av dei.
- (18) Nemnda er ikkje samd med klagar i at det er urimeleg og stirr mot god forvaltingsskikk at revisors akløyse skal verte avgjerande for utfallet i saka. Slik nemnda ser det, er det klagar sitt ansvar å syte for at attestasjon frå revisor eller rekneskapsførar sendast inn innan fristen. Nemnda viser til at regnskapsfører handlar på vegne av selskapet, og at det er selskapet sjølv som har ansvar for å sikre gode rutinar for handtering av søknadsfristar.
- (19) Nemnda kan heller ikkje sjå at det er urimeleg eller stirr mot god forvaltingsskikk at klagar sin revisor ikkje har fått høve til å rette feilen i ettertid. Nemnda viser til at Lotteri- og stiftelsestilsynet er gitt vid åtgang til å fastsetje fristar, og at omsynet til lik behandling av søkarane talar mot å behandle søknadar som er fullstendig sendt inn etter fristen.

4 Vedtak

- (20) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement fattar etter dette følgande vedtak:
 - 1. Kлага vert ikkje teken til følgje.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Vedtaket er samrøystes.

Bergen, 13. februar 2023

Tore Lunde

Nemndsleder

Elin Melberg

Nemndsmedlem

Morten Thuve

Nemndsmedlem

Dokumentet er godkjent elektronisk